

POSTMOTTAK

Fra: Tonje Epland [tonje.epland@radøy.kommune.no]
Sendt: 14. juni 2011 10:31
Til: Dag.Thomassen@akersolutions.com
Kopi: 'POSTMOTTAK'
Emne: SV: NAUST 99/15 UTGREIING

Dykkar e-post er mottatt og vil verte handsama.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
Leiar plan, næring og teknisk/Juridisk rådgjevar

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger
Tlf.dir: 56 34 90 50
E-post: tonje.epland@radøy.kommune.no



Fra: Dag.Thomassen@akersolutions.com [mailto:Dag.Thomassen@akersolutions.com]

Sendt: 9. juni 2011 07:27

Til: Tonje.epland@radøy.kommune.no

Emne: NAUST 99/15 UTGREIING

Radøy kommune

Tonje Epland og saksbehandler

Viser til samtale tysdag 31 mai.

Me ynskjer nok ein gong å skriva nokre kommentarer om naustprosessen og håpar med dette å leggja fram informasjon på ein slik måte at de i Radøy Kommune kan finna ei smart løysning på den fastlåste situasjonen.

Det er for oss beklageleg at dei påbegynte arbeida har stoppa opp og det er beklageleg at det arbeidet som til no er utført formelt sett vert vurdert som ulovlige ved at det manglar eit skriftleg byggjeløyve. Me oppfattar at kommunen også ser på situasjonen som beklageleg og at kommunen si tilråing er at anlegget vert fullført.

- Då me i 2007 bestemte oss for å søkja om gjenopptaking av naustbyggjinga, var det først og fremst 2 grunner for å søkja om dette:
 - Me var usikre på om dei mindre arbeida me hadde utført frå 1990 fram til 2007 var tilstrekkeleg til å oppretthalde byggjeløyvet frå 1990. I samtale med Tore Rikstad vart me tilrådd å søkja på nytt, **først og fremst avdi det gjenstod sprengingsarbeider.**
 - **Det har dei siste åra vore eit svært sterkt fokus på ulovlig naustbygging og me ville opptre korrekt og følgja gjeldande retningslinjer.**